



Helse- og
omsorgsdepartementet

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 19. februar 2025

Ventetider

HELSE  VEST

PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Onsdag 19. februar 2025 kl. 15.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart halde som videomøte.

Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Ventetider

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre

Også til stades:

Statssekretær Karl Kristian Bekeng
Departementsråd Cathrine M. Lofthus
Ekspedisjonssjef Cathrine Meland
Avdelingsdirektør Kai Furberg
Seniorrådgjevar Anette Kristiansen
Seniorrådgjevar Elisabeth Esrød Hoelsæter
Seniorrådgjevar Mikkel Hovden Aas

Frå styret i Helse Vest RHF møte

Nestleiar Oddvar Kaarbøe (med fullmakt frå styreleiar)
Hege Solbakken
Anne Karin Hamre
Lars Kåre Kleppe
Linda Gangstøe
Tord Anton Haaland
Wenche Røkenes

Frå administrasjonen i Helse Vest RHF møte

Administrerande direktør Inger Cathrine Bryne

Andre til stede

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen §13, men deltok ikkje.

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen. Han spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Styreleiar Agnes Landstad hadde meldt forfall og nestleiar Oddvar Kaarbøe stilte med fullmakt.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Nestleiar i styret Oddvar Kaarbøe og helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre vart valde til å godkjenne protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre spurde om det var merknader til dagsorden. Det var ingen merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Ventetider

Føretaksmøtet viste til Ventetidsløftet som vart signert 13. mai 2024 med mål om å snu trenden og sørge for ein markant reduksjon i ventetider. I revidert nasjonalbudsjett og nysalderinga i 2024 vart det tilført betydelege ekstraressursar og varig auke i løyvingane til dei regionale helseføretaka for å gjere det mogleg å arbeide med kortare ventetider. Føretaksmøtet viste også til dei gjeldande budsjettrammene for 2025, der det er lagt til rette for å redusere ventetidene i tråd med styringskrava for 2025. Føretaksmøtet har ei klar forventning om at midlar som er løyvde i 2024 og 2025 vert nytta til formålet.

Føretaksmøtet viste også til føretaksmøtet 5. november 2024 om Ventetidsløftet. Her vart det stilt følgjande krav om kapasitet:

«3. For å sikre at styringsmåla i 2025 vert nådde, skal kapasitetsberekningane til dei regionale helseføretaka, inkludert ein kapasitetsbuffer på minimum 20 pst., leggjast til grunn for fastsetjing av auka aktivitet frå og med no og fram mot juni 2025. Dersom kapasiteten må ytterlegare opp for at gjennomsnittleg ventetid i alle fagområde i juni 2025 er lik eller under juni 2019, skal det så tidleg som mogleg gjennomførast tiltak som aukar kapasiteten til tilstrekkeleg nivå, inkludert ein usikkerheitsbuffer.»

Føretaksmøtet viste vidare til føretaksmøtet 15. januar 2025 der det vart formidla at den viktigaste prioriteringa for dei regionale helseføretaka i 2025 er å redusere ventetidene, jf. Ventetidsløftet. I oppdragsdokumentet for 2025 er det sett følgjande mål:

«Gjennomsnittleg ventetid for Helse Vest RHF skal i 2025 være lik eller under 61 dagar i somatikken, 44 dagar i psykisk helsevern vaksne, 45 dagar i psykisk helsevern barn og unge og 33 dagar i tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB).»

Ventetidstala nasjonalt for desember 2024, målt som ventetid for påbegynt helsehjelp, viste ein svak positiv trend. Tala for januar 2025 viser likevel at den positive trenden for påbegynt helsehjelp ikkje har fortsett. Ventetida for ventande ligg i januar 2025 under nivået i januar

2024, men over nivået i januar 2023. Føretaksmøtet viste til at det er alvorleg at ventetidene er for lange og at måloppnåinga framleis ikkje er tilfredsstillande. Føretaksmøtet er bekymra for om dei regionale helseføretaka samla sett vil nå styringsmåla om at gjennomsnittleg ventetid i alle fagområde i juni 2025 skal vere lik eller under nivået i juni 2019. Det er styra i dei regionale helseføretaka sitt ansvar å sikre at måla vert nådde.

Føretaksmøtet meinte det er behov for å gjenta styringskravet for å nå styringsmåla for ventetider innan juni 2025. Dei regionale helseføretaka har utarbeidd kapasitetsanalysar som viser kor mye aktiviteten må auke fram mot juni 2025 for å nå styringsmåla. Ved utgangen av januar låg dei regionale helseføretaka samla sett bak sine eigne planer for å nå måla. Helse Vest RHF har hatt aktivitet i tråd med eigne kapasitetsberekningar, men ligg også bak innan enkelte fagområde. Samstundes er det stor variasjon mellom helseføretak, private ideelle sjukehus og fagområde, slik at aktiviteten samla sett må aukast betydeleg.

Føretaksmøtet viste til protokollen frå 5. november 2024 der det tydeleg kjem fram at det skal gjennomførast tiltak så tidleg som mogleg dersom det er behov for å korrigere kursen. Føretaksmøtet legg til grunn at dei regionale helseføretaka tar igjen det oppståtte etterslepet så raskt som mogleg, samt utover dette sikrar ein aktivitet framover som svarar til eigne kapasitetsberekningar inkludert buffer.

For å være sikker på at styringsmåla vert nådde, uttrykte føretaksmøtet at det er behov for å gjere betydelege korrigerande tiltak nå tidleg i 2025 slik at ein får kontroll før påske.

Reduksjonen i talet på ventande og ventetid for påbegynt helsehjelp krev i tillegg til allereie igangsette tiltak, også omfattande bruk av kvelds- og helgepoliklinikkar der personell som ønskjer å arbeide meir får moglegheit til det innan område med ventetidsutfordringar, auka bruk av avtalespesialistar og auka kjøp frå private – ved at eksisterande avtaler med private vert nytta ytterlegare eller utvida, og ved at det raskt vert inngått nye avtaler der det vil ha størst effekt for å redusere ventetidene. For å utnytte all tilgjengeleg kapasitet vil det også vere behov for samarbeid på tvers av helseføretak og sjukehus. Tiltaka må vare ved så lenge det er behov for å kunne vere sikker på at styringsmåla vert nådde. I tillegg er det viktig at det framleis vert arbeidd aktivt med tiltak som vil auke kapasiteten og effektiviteten også på lengre sikt, som til dømes betre arbeids- og oppgåvedeling, fjerning av tidstjuvar, auka bruk av ny teknologi og digitale løysingar, behovsstyrt poliklinikk og digital heimeoppfølging, reduksjon av unødvendige kontroller, samt styrka langsiktig samarbeid med private aktørar.

Føretaksmøtet viste til betydinga av å involvere tilsette og tillitsvalde aktivt på alle nivå i arbeidet med å redusere ventetidene. Det er viktig at forslag til meir effektiv arbeidsflyt og betre organisering av oppgåvene vert lytta til og følgt opp.

For å kunne følgja utviklinga tett utover vinteren og våren 2025, vert det lagt opp til møter mellom departementet og dei regionale helseføretaka kvar veke frå 21. februar og så lenge det er nødvendig for å få kontroll på situasjonen. Dei regionale helseføretaka skal rapportere i møta på status for ventetider, talet på ventande og aktivitet gitt deira eigne kapasitetsberekningar inkludert ein buffer på 20 prosent, innanfor somatikk, psykisk helse vaksne, psykisk helse barn og unge, samt TSB. I tillegg må det rapporterast på dei fem fagområda innan somatikk som har flest ventande og lengst ventetider. Rapporteringa skal vere både på regionalt nivå og helseføretaksnivå/sjukehusnivå, slik at det klart kjem fram kva for helseføretak/sjukehus og fagområde som har størst utfordringar.

Føretaksmøtet vedtok:

- 1. For å sikre at måla om ventetider vert nådde i 2025, vert dei regionale helseføretaka bedne om umiddelbar forsterking av innsatsen med å redusere talet på ventande og ventetider slik at ein har god kontroll på utviklinga framover og slik at styringsmåla vert nådde. Dei regionale helseføretaka skal sikre ein aktivitet framover som svarar til eigne kapasitetsberekningar inkludert buffer, samt at aktiviteten må aukast svarande til det helseregionane per 19. februar 2025 ligg etter sine eigne planar. Dette slik at gjennomsnittlege ventetider i alle fagområde i juni 2025 er lik eller under nivået i juni 2019.*
- 2. Dei regionale helseføretaka skal utan opphald auke aktiviteten for å nå ventetidsmåla. Dette skal skje gjennom omfattande bruk av kvelds- og helgepoliklinikkar der personell som ønskjer å arbeide meir får moglegheit til det innan område med ventetidsutfordringar, auka bruk av avtalespesialistar og auka kjøp frå private – ved at eksisterande avtaler med private vert utnytta ytterlegare eller utvida, og ved at det raskt vert inngått nye avtaler der det vil ha størst effekt for å redusere ventetidene. Tiltaka må vare ved så lenge det er behov for å kunne vere sikker på at styringsmåla vert nådde. I tillegg er det viktig at det framleis vert arbeidd aktivt med tiltak som vil auke kapasiteten og effektiviteten også på lengre sikt, som til dømes betre arbeids- og oppgåvedeling, fjerning av tidstjuvar, auka bruk av ny teknologi og digitale løysingar, behovsstyrt poliklinikk og digital heimeoppfølging, reduksjon av unødvendige kontrollar, samt styrka langsiktig samarbeid med private aktørar.*
- 3. Dei regionale helseføretaka skal rapportere kvar veke på status for ventetider, talet på ventande og aktivitet gitt deira eigne kapasitetsberekningar inkludert ein buffer på 20 prosent. Rapporteringa skal vere både på regionalt nivå og helseføretaksnivå/ sjukehusnivå, slik at det klart kjem fram kva for helseføretak/sjukehus og fagområde som har størst utfordringar.*
- 4. Føretaksmøtet forventar at auka budsjetttrammer til dei regionale helseføretaka vert brukte til å auke kapasiteten og aktiviteten slik at ventetidene går ned i tråd med styringsmåla.*
- 5. Føretaksmøtet ber om at tilsette og tillitsvalde vert involvert aktivt på alle nivå i arbeidet med å redusere ventetidene. Det er viktig at forslag til meir effektiv arbeidsflyt og betre organisering av oppgåvene vert lytta til og følgde opp.*

Møtet vart heva kl. 15.20.

Oslo, 19. februar 2025

Jan Christian Vestre

Oddvar Kaarbøe

Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar